

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Vannbæring Fylke: Opland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: V.Slidre, Valdres.
 Emne: Bygdelag: Øyebygden i Røn.
 Oppskr. av: G.Kirkevoll. Gard:
 (adresse): Jomfrubraatvn.25 G.nr. Br.nr.
 Bekkelagshøgda. Tlf. 68 50 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) I V.Slidre har det vore brukt aa bæra vatn med vass-sæle og to vass-spønn som dei sa i V.-Vass-selen maatte helst vera laga av bjørk for aa bli sterk. Og det var noko av ei kunst aa gjera ein "føllog" og god vass-sele som skulde bøyge lite fraa midten og ut mot endane og vera uthola slik at den ikkje gnog paa hals eller oksler.

For 30-40 aar sidan var det tildels att paa stølane vass-sele maade med vioband og med trekroka av brisk. Men vanlegast var det jarnkrokar med jarnlekkje. Eg trur ikkje det var namn paa desse ting.

At vassbæring har hatt ein brei plass i sin tid kan me sjaa av eit lite eldre uttryk fraa bygden: "Sumarmaal-dagen (14.april) var det vass-selabyte". (Byte paa tenarskapet-.

Heime hjaa oss slutta me aa bæra vatn i trespønn for 45-50 aar sidan. Det er so vidt eg kan hukse dei var ibruk. Jarnbøttene (sinkspønn same) var lettare og hendigare aa bruke. Paa stølane neld bruken av trespønn seg lenger. Der var ikkje so mykje vassbæring heller. Av trespønn var det fleire slag. Dei største tog fraa 14-20 liter, var rette (ikkje koniske) med eit bøygt trehandtak laga av det yttre paa bjørken. For dette var seigast og lettast aa bøyge. Dette handtaket kalla me "hav" eller spannhav og var festa i spannyrone med ein kraftig, rund tretapp som gjekk

2 gjennom eit hol i havet og øyraet. I eine enden paa tappen var det eit lite novu so ikkje tappen skulde smette gjennom. Og i andre enden var det eit lite hol med ei luntestikke (pinne) slik at tappen ikkje kunne dette ut paa nokon kant. Paa denne tretappen kunne spann-havet gaa rundt.

Eit trespann som var laagare og gjerne meir for seg gjort vart ofte brukt til aa mjølke i. Havet paa dette var nesten rett med ein liten sjøivvaksen bøyg. Fraa endane paa sjøve havet og ned i øyro gjekk det trekrokar (av brisk). Ein slik krok heite "Hevle". I Sunnfjord heite det "Kjylp" (Etter Alf Aasnes 55 aar vaktmeister ved Hammersborg skule)

Naar det ut paa vinteren tok til aa minke paa vatnet i brunnane hadde dei eit lite lagga trespann paa 3-4 liter so dei tok paa "vasskroken" og tipla (uste) med. Dette heite "Snik".

I Fetsund brukte dei eit lagga trespann til aa søkkje upp vatnet med som dei kalla : "Spann-kølle". Den var so stor som ei vanleg bytte. Og den eine staven i bytta var upp til $1\frac{1}{2}$ m., og vart brukt som eit slags handtak. Med denne staven so soleis var fastlagga i bytta hadde ein so god styring paa (bytta) og slap ~~de~~ bruke vasskrok.

Dette etter Kristian Øverby, 65 aar gamal, gardbrukar paa Øverby, Fetsund.

I mars maanad minka det verst paa vatnet i brunnar og kjeldor. Og eit gamalt ordtak fortalde det so:

"At det er marsi som sleikjer brynnadn!!"

- 2) So vidt eg har høyrte har det ikkje vore brukt noko til aa leggja paa vatnet for aa hindre skvelping ved vassføring. Men naar dei kjørde vatn um vetteren var det nok ofte brukt aa kaste snø upp i vatnet. Det var ogso løk paa vasshølkane.
3. I V. Slidre kjenner eg ikkje til at det har vore brukt ei

brei skie til aa skuve vasskaret paa. Men Talleiv Røysland
(vaktmeister i Nordahl Brunsgt. 22 -52 aar) fraa Laardal,
Telemark fortel at det der har vore brukt.

Men i V. Slidre var det nok ein og annan som drog
vatn i ein mindre hølke eller butt paa skikjølke eller
paa vanleg kjølke.

- 4.) Var helst kvinnfolk som hadde vassbæringi og daa helst
kona um dei ikkje hadde tenestgjente. Karane hadde anna
arbeid. Mange av mennene var og flinke til aa bera vatn
i mine smaagutdaga. Vaksne og halvaksne ungar kunne og
vera med. Eg for min del har bore mykje vatn baade før og
etter eg vart konfirmert.
5. Vassbæring var mest brukt paa dei mindre gardar og bruk
og der "vassbolet" ikkje laag langt undaa husi. Paa dei
større gardar maatte nok vatnet kjørast. Der det var høve t
til det tok dei fram vatnet vaar og haust i "lekjor"-
(trerenor) fraa bekkjer eller kjeldor beinvegjes inn i
fjøset. For umlag 60-70 aar sidan kom dei fyrste vassposta-
ne paa dei største gardane i bygdi.
6. Det kunne bli mykje arbeid med aa kjøre alt vatnet
paa dei største gardane der det var mykje krøter. Serleg
var det slemt paa autsida, der dei ofte maatte kjøre vat-
net fraa isen (storelvi). Den vanlege vass-sleden var kraf-
tig og stutt, mest som ein steinslede. Berre noko svære
meia med eit nokre kraftige tverrtre til aa halde meieane
saman med. Vasshølken stod fast millom 4 kraftige tre-
nabbar som var festa i sleden. Det var bra aa faa til
ei god "meid" (spor) som sleden gjekk stødt i. Det hende
og at nestane sprang ut med vasshølken. Det var noko av
det verste som kunne hende. Vatnet skvatt og nesten sprang
verre og verre.
7. No er det innlagt vatn i fjøs og kjøken paa dei
fleste gardar. -tildels med pumpeverk der det ikkje er
trykk alles. Og vasstilhøva har vorte sikrare og betre

4

paa mange maatar ved det at det er grave djupare og bet-
re brunnar. Men endaa kan det vera slemt etter turre sum-
ra.

For 40-50 aar sidan var det ofte bruk aa jaga ung-
dyra burt til vasshole og vatne dei der, derved vart det
spara ein del vassbering.

3143

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bygdøy i april 1948.

Oppland /
V. Slidre

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjel, flottor, bøk, flø, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

Har ikkje høyrte at det vart lagt noko upp i vass-spønne for aa hind-
skjvelping naar dei bar vatn. Ved øving greide dei so nokolein aa halde
vatnet paa plass um ikkje vassvegen var for ulendt. Men det raakte nok
at kvinnfolk som maatte bera vatn etter daarleg oppbrøyte vegar fekk
ein klaka stakk (skjørt) etter vassberinga i kaldver.

Naar dei kjørde vatn (mest i store hølka) vilde det ofte skvelpe ut-
over. Daa vart det ofte kasta snø upp i - og so var det løk paa vasshøl-
ken.

Naar ein for 40-50 aar sidan skulde bera mjølk eit stykke, som fraa
stølen og heim, brukte dei lagga treflesko som kunne ta fraa nokon faa
liter til 15-20. Dei kunne vera runde eller ovale upp, der det var eit
rundt eller firkanta spuns som vart tetta med filler. ~~Å~~ Øverst paa eine
sida var det slege inn eit par kingar (jernkrampar) med passeleg millom-
rom slik at det vart høveleg aa seta i ei vidjehempe eller vidjespening
til aa bera etter. Fleska bar ein paa ryggen. Ofte bant ein til ein liten
sekk med annan stølsmat i som daa vart hangande framand paa og soleis
held børe i jamvekt naar dei la den over oksle.

Mens det var kløvvegar brukte dei liknande, men større, treflesko
til aa kløvja heim fraa stølen mjølk eller surbrim til grautevøte. Vart
hengt ~~til~~ ei kløv fleske paa kvar side paa hesten. Paa
eine sida av fleska var det slege inn to par kingar til
~~aa~~ feste for vidjene so ein fekk hengt dei paa kløvsalen-
eller klubbaren so det vart kalla i Valdres. Daa det vart
kjørevegar frakaa dei mjølke heim paa trebuttar og i den
seinare tid paa jernspann.

Herad

V. SLIDRE

Uppteiknar

G. Kirkevoll.